

**Mange kvinnheringar har både før og etter kommunestyrevalet for to veker sidan uttalt seg negativt til listeaksjonen som føregjekk i Husnesområdet i dagane før valet.**

**No kjem det for ein dag, det "alle" har visst, slikt har føregått i andre delar av kommunen òg – både i år og ved tidlegare val.**

**Blant anna fekk folk i Rosendal eit liknande skriv i postkassane sine siste veka før valet der dei vart oppmoda om å røysta på Høgre.**

Oppropet som vart distribuert på nett og i postkassane til folk mellom Uskedalen og Sandvoll i veka før kommunestyrevalet, hadde som mål å få veljarane til å røysta på "rett" kandidat, det vil seia folk frå den mest folkerike delen av kommunen.

Mange, både politikarar og andre, har teke avstand frå aksjonen både før og etter valet.  
–Slike aksjonar gjev ikkje grobotn for godt samarbeid i kommunen.  
Tvert imot blussar kampen indre/ytre-luten opp igjen, sa tre profilerte politikarar til uskedalen.no i dagane før valet.

No viser det seg at slike oppmodingar frå ulike interessegrupper vart sendt ut i indre del av Kvinnherad òg. Der vart eit skriv med Høgre sin logo distribuert, med oppmoding om å røysta på partiet, '...som vil arbeida for desse sakene her i dei næraste bygdene våre...'.  
–Meir openheit i lokalpolitikken. Ikkje skjult agenda, 'naustloftavtalar' eller valgaksjonar og kupp. Ny ordførar, Leif Sverre, er andre formuleringar i oppropet.  
Alle sakene som er lista opp i skrivet gjeld tiltak i 'indreluten', og stadfester det mange har påstått og visst lenge; slike aksjonar er ikkje eit typisk Husnes-fenomen. Kanskje snarare tvert imot!

Men i Rosendalområdet var det inga oppmoding om å røysta berre på folk frå dette området. HusnesNett har fått tilsendt eit liknande opprop, som vart sendt ut i Rosendalsområdet ved valet i 2003. Mannen som har teke kontakt med oss, reagerer på at det er høgrefolk som står bak dette, etter som dette partiet er dei som har gått sterkest ut og fordømt det som har føregått i Husnesområdet.

–Kvinnherad Høgre profilerte seg sterkt i heile valkampen med at dei ville arbeida for heile kommunen, og at dette var viktig blant anna for å redusera bygdestriden i kommunen. No stiller eg meg verkeleg undrande til ein slik floskel, seier ein  
Folk må i alle fall slutta med å kasta skit på oss i ytre del av kommunen, seier vedkomande.  
Skrivet han har fått tilsendt frå ein i Rosendal, fortel i allefall om at særinteressene blømer både her og der i kommunen. Og sentrale politikarar og partimedlemmer i dette området treng absolutt ikkje gå rundt og slå seg på brystet og endåtil seia at aksjonar i samband med val berre er eit Husnes-fenomen, seier vår kjelde,

HusnesNett prøvde før denne saka vart publisert å få ein kommentar frå Høgre sin leiar, Gunn Mari Moberg i Uskedalen, utan å lukkast.

Av Kristian Hus